

# Sesongen nærmar seg – kjøp fiskekort i god tid!

**Hei!**

**No kan du kjøpa sesongkort på «Kremretten» i Oselvo. Her har du verkeleg mykje å fiska på og mange gode fiskeplassar. Sjå kartet. Kortet gjeld på alle område merkt med gult. Ca 5 km elv (2-3 km på kvar side).**

**Kortet kostar kr. 1000.-. Vi sel inntil 150 stk, så det gjeld å vera tidleg ute.**

**Framgangsmåte for kjøp av kort**
**1. Betal kr. 1000.- til konto 3631.07.05874 via nettbank, hugs å be om kvittering. 2. Plasser kvittering nederst på kortet, og skriv på namn/adresse og telefonnummer. Evt. kan du skriva ut kvitteringen og bruka denne saman med kortet. I tillegg må du betala fisketrygdavgift for 2010. Dette kan gjerast på www.inatur.no. (Kr. 220.- + gebyr for enkeltperson i 2010).**

**Fisketider**
**Sesongen startar 15. juni og siste fiskedag er 15. september**

**Fangstmeldingar**
**Fangstmeldingar skal leverast etter kvar fisketur. Fangstskjema og postkassar for levering finn du på oppslagstavler langs elva. Der er og info om fangstkvotar, minstemål m.m.**

**Evt. spørsmål: Ta kontakt med Leif Juvik, mobil 938 40 376, e-post:leif.juvik@osogfusa.no**

**Skitt fiske!**

**Klipp**

---

Fiskereglar «Kremretten»

1. Kortet gjev innehavar rett til fiske på «Kremretten» i Oselvo frå Lundehølen til Tøsdal i heile sesongen det er utstedt, så lenge vassdraget er ope for anadromt laksefiske.
2. Kart over området kor kortet er gyldig er oppslått på info-tavler langs elva. Her er òg info om kvotebegrensningar, skjema for fangstmelding og konvoluttar til skjellprøvar.
3. Kortet kan ikkje overdragast til andre.
4. «Vanlege fiskereglar» gjeld – rullerande fiske, max 30 min pr. stad.
5. Kun fiske med vanleg sportsfiskereiskaper lovleg. Fiske frå båt er ikkje tillete.
6. Kortet er ikkje gyldig om ikkje nødvendige avgifter til staten er betalt (Fisketrygdavgift).
7. Ta med bosset heim!

Skitt fiske!

http://www.njff.no/portal/page/portal/hordaland/lokallag/os

BRETT

BRETT

## Sesongkort Kremretten 2010

Førenamn ____ Etternamn ____

Adresse ____

Postnummer/ poststad ____

Telefon ____

Mobil ____

**Hugs fangstmelding og skjellprøve!**

**Plasser kvitteringstrykk her**